

## Notat

**Frå:** Fylkesdirektør for samferdsle

**Til:** Hovudutval for samferdsle

### Studentrabatt for lærlingar og lære kandidat på reiser med buss og båt

Fylkestinget gjorde i sak 9/19 vedtak om at lærlingar vert inkludert i studentrabatten i Sogn og Fjordane i 2019. I saksutgreiinga er ikkje lære kandidat nemnt, men samferdsleavdelinga finn det naturleg at også lære kandidat vert inkludert i rabatten.

Lære kandidat teiknar opplæringskontrakt slik lærlingar teiknar lærekontrakt. Lære kandidatane tek sikte på ei mindre omfattande prøve enn fag/sveineprøve. Dei avsluttar med ein kompetanseprøve og får utstedt kompetansebrev. Elles har lærlingar og lære kandidat like rettar og plikter.

Det er per mai 2019 1319 løpande lærekontraktar og 92 løpande opplæringskontraktar i Sogn og Fjordane.

Studentrabatt på reiser med buss og båt i Sogn og Fjordane gir 25% rabatt på einskildbilletter og 40% rabatt på periodekort.

Samferdsleavdelinga har bestemt at gyldig reisebevis for lærling og lære kandidat skal vere:

- Visning av signert lærekontrakt/opplæringskontrakt frå [Vigo.no](http://Vigo.no) eller fysisk kopi av lærekontrakt/opplæringskontrakt, saman med bankkort med bilde, førarkort eller pass.

Lærlingar og lære kandidat på heiltid vert inkludert i rabatten frå 1. juli. Inntektstapet for andre halvår 2019 er berekna å vere inntil 0,35 mill. kr. I tertialrapport for 1. tertial 2019 vert det lagt til grunn at det er rom for å dekkje dette innanfor budsjettammene.

Frå 1. juli 2019 vil dermed følgjande grupper få elev- og studentrabatt på reiser med buss og båt i Sogn og Fjordane:

- Elevar i grunn- og vidaregåande skule,
- heiltidsstudent ved høgskule eller universitet frå fylte 19 år til og med månaden ein fyller 30 år.
- *lærlingar og lære kandidat på heiltid som følgjer krava i Lov om opplæring, kap. 4,*
- vaksne framandspråklege under 30 år som får opplæring i norsk og samfunnskunnskap i minst ti timar i veka i meir enn tre månader, eller flyktningar under 30 år som er i introduksjonsprogrammet.

Gyldig reisebevis for desse gruppene er:

- Gyldig elevbevis frå vidaregåande skule med foto,
- studentbevis med gyldig semestermerke og foto,
- *visning av signert lærekontrakt/opplæringskontrakt frå [Vigo.no](http://Vigo.no) eller fysisk kopi av lærekontrakt/opplæringskontrakt, saman med bankkort med bilde, førarkort eller pass,*

- elevbevis som viser personidentitet med foto, navn og fødselsdato, navn på kursarrangør, kursstad og stadfesting på tidspunkt for opplæringa.